

ÅRSPLAN
FOR

VIKEMARKA

BARNEHAGE AS

2026-2028

INNHALDSLISTE

1. INNLEIING
2. VERDIGRUNNLAG
   - 2.1 Visjon
   - 2.2 Barn og barndom
   - 2.3 Demokrati
   - 2.4 Mangfald, likestilling og likeverd
   - 2.5 Berekraftig utvikling
   - 2.6 Livsmestring og helse
3. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHALD
4. SAMARBEID
5. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD
   - 5.1 Planlegging
   - 5.2 Vurdering
   - 5.3 Dokumentasjon
   - 5.4 Progresjon
6. OVERGONGAR
7. KOMPETANSE, KVALITET OG FOKUSOMRÅDE



1. INNLEIING

Vikemarka barnehage er ein privateigd barnehage med 66 plassar for barn 1-6 år.
Barnehagen ligg i Vikemarkfeltet i Ulsteinvik, med fjell og skog i nærområdet. Vi har eigen barnehagebuss når vi skal på lengre turar/utflukter. Frå barnehagen har vi majestetisk utsikt, med god oversikt over bygda vår og skipsindustrien som heimstaden vår er kjent for.

ORGANISERNG:
Store delar av dagen er vi organisert i aldersinndelte grupper, med tilpassa pedagogiske opplegg. Tidleg morgon og sein ettermiddag er vi saman på tvers av alder og grupper.

Gruppene er inndelt slik for barnehageåret 2026-2027:


Lilla gruppe er 15 barn, født i 2021

Raud gruppe er 10 barn, født i 2022

Grøn gruppe er 14 barn, født i 2023

Gul gruppe er 12 barn, født i 2024

Blå gruppe er 15 barn, født i 2025





Vikemarka barnehage AS vart etablert i 2015, Perny Austnes eig 100% av aksjane. Perny har bygd opp og drive fleire barnehagar i Ulstein kommune:

- Varleitebakkane barnehage 1991-1995
- Råsa barnehage AS 1995-2014
- Sætra barnehage AS 2003-2026 (no kommunal barnehage)
- Vikemarka barnehage AS 2015- dd

- Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar. Årsplanen gir informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til føresette, myndigheit, samarbeidspartar og andre interesserte (RP2017, s.38) Rammeplan for barnehagen | udir.no

2. VERDIGRUNNLAG

Barnehagen sine styringsdokument:
- Lov om barnehager Lov om barnehager (barnehageloven) - Lovdata
- Rammeplan for barnehager Rammeplan for barnehagen | udir.no
- FN's barnekonvensjon FNs barnekonvensjon - regjeringen.no

Barnehagen sitt samfunnsmandat er, i nært samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barn sitt behov for OMSORG og LEIK og fremme LÆRING og DANNING som grunnlag for allsidig utvikling (RP 2017, s.7).
I Vikemarka barnehage har vi fokus på å eit heilheitleg læringssyn, der omsorg, leik og læring vert sett på i ein samanheng. Elementa heng tett saman, og er avhengige av kvarandre for allsidig utvikling.






2.1 VISJON: INSPIRERANDE SAMSPEL

Med bakgrunn i samfunnsmandat og verdiar; TRYGGE RELASJONER, LEIK, MANGFALD OG KVALITET er målet at barna som går i vår barnehage skal bli robuste, trygge og inkluderande.

2.2 Barn og barndom

I Vikemarka barnehage skal barnet bli møtt som subjekt. Vi møter barnet som eit medmenneske. Barnet har eigne tankar, kjensler og meiningar. Dei skal bli sett, høyrt og anerkjent;

- Vi let barnet bruke den tida det treng for å gjere seg ferdig med det hen held på med.
- Barnet bevegar seg i eige tempo.
- Vi samtaler MED barnet.
- Vi ler MED barnet.
- Vi lyttar til barnet.
- Barnet si «stemme» får konsekvensar for våre val.
- Vi anerkjenner barnet sine kreative evner og uttrykk.
- Vi seier JA når barn inviterer til leik.









2.3 Demokrati og medverknad

Barnehagen skal fremme demokrati og vere eit inkluderandefellesskap der alle får anledning til å ytre seg, bli høyrt og få delta (RP, 2017, s. 8).

I Vikemarka barnehage får barna medverke ut frå alder og modning. Medverknad kan vere å avgjere turmål, om dei vil ha gul eller blå lue, hjelpe dei som er yngre, kutte grønsaker til maten osv. Vi har også tradisjon for demokratisk val der barna får vere med å velje eventyr vi skal fordjupe oss i.

2.4 Mangfald, likestilling og likeverd

I Vikemarka barnehage har vi eit stort mangfald. Vi har kvinner og menn, unge og erfarne, med ulik utdanningsbakgrunn. Dei tilsette ber med seg ulike kulturar. Dette er spennande og inspirerer i det daglege arbeidet med barna. Barna opplever andre kulturar på ein naturleg måte.

Vi anerkjenner ulike familiestrukturar som ein del av samfunnet vårt. Vi bruker litteratur som viser ulike familiesamansetningar. I dette temaet har vi høgt fokus på inkludering der vi løfter mangfald.

Vi som jobbar her og familiane som er her, er knytte til ulike religionar og livssyn. Barnehagen har eit inkluderande læringsmiljø der vi markerer høgtider som er representert i barnehagen. Saman med barna kan vi undre oss over det som er vanskeleg å forstå når det t.d. handlar om liv og død. Ved å filosofere ilag med barna vert det skapt kjennskap og grunnlag for ulike spørsmål, som igjen er med på å forme grunnleggande verdiar og normer.

I løpet av barnehagetida får barna besøke kyrkja. Uansett religion finst det mange felleskulturelle verdinormer som vi tek vare på, til dømes den gylne regel: «Det du vil andre skal gjere mot deg, skal du gjere mot dei».

I vår barnehage skal alle barn kjenne at dei passar inn, dei skal kjenne seg trygge og dei skal erfare at dei får velje fritt kva dei vil leike og kven dei vil leike med. Vi jobbar for at ingen av aktivitetane våre skal definere ein viss kjønnsidentitet.

Leik og venskap mellom gutar og jenter er ein viktig del av ein sunn oppvekst, og i tråd med innhaldet i Rammeplanen.

Vi oppfordrar difor foreldra å tenkje inkludering når dei inviterer vener på besøk, og når de ber til bursdagsselskap.

Alle menneske er unike og verdfulle og vi ser på ulikskap som ein ressurs. Funksjonsmangfald og ulikskap skal anerkjennast og har ein plass i fellesskapet.

2.4 Berekraftig utvikling

I Vikemarka barnehage får barna lære og bli kjent med ulike prosessar. Vi dyrkar grønsaker og plukkar bær, eple og plommer som vi bruker i matlaging. Dette er fine erfaringar som fortel oss noko om kvar maten vår kjem frå. Vi har fokus på å ha eit reint kosthald og vi handlar lokalt. Vi kjeldesorterer mat, plast, papp, metall, glas og mjølkekartongar. Når vi går på tur, tek vi med oss søppel som vi finn. Dette gir barna innsikt i å ta vare på naturen, danne haldningar og god praksis for eit meir berekraftig samfunn.





2.5 Livsmeistring og helse

Uteliv

Vi har mykje utetid i barnehagen sitt uterom, og vi er på tur i skog og mark, fjell og fjøre. Den fysiske og psykiske helsa vert stimulert og utvikla i ulendt terreng, når vi klatrar på den store steinen, eller høgt i grantreet. Meistringsgleda er stor og dette gjev auka sjølvkjensle! Leik stimulerer fantasien og skaper stort rom for samspel med andre. Leik, læring og utvikling går saman. Den motoriske stimuleringa som barna får, gir dei gevinst på absolutt alle andre utviklingsområde: språk, kognitivt, sosialt, m.m.







Kosthald og måltid

God og næringsrik kost er det beste grunnlaget for ein aktiv og lærande kvardag, og glade kroppar trivest og utviklar seg best.Vi har fullverdige varme måltid kvar dag, med kjøt, fisk, grønsaker, belgfrukt, ris, pasta og poteter, jf. «Retningslinjene for mat og måltid i barnehagen». Barna får fleire sortar grønsaker og frukt kvar dag. Smitteeffekten er stor, så barna er flinke å smake på «nye» sortar. Vi har fokus på å bruke rein mat og serverer mykje frukt og grønsaker. Vi lagar fruktfest når det er bursdag. Då får barna velge mellom t.d. fruktspyd, smoothie (yoghurt naturell, bærblanding og banan), smoothie-is. Det er viktig at kvar enkelt barn får den tid det treng ved matbordet og å oppleve matglede.

Mat og måltider i barnehagen - Helsedirektoratet

- Frukost: havregraut med frukt og litt kanel
- Lunsj: varmmat kvar dag
- Ettermiddagsmat: knekkebrød, grovskiver, youghurt naturell+bær



Tannpuss : Vi pussar tenner kvar morgon etter frukost. Vi skal i lag med heimen gi gode vanar som sikrar barnet god helse for framtida. Tannpuss i barnehagen er ein god og viktig pedagogisk læresituasjon.

Hygiene: Vi lærer oss gode hygienerutinar i tilknyting til toalettbesøk, måltid og ved tannpuss. Jamfør Føreskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule.

Kroppen vår: Vi er ulike, men unike. Vi lærer å ta vare på kroppen vår på mange måtar, som t.d. hygiene, kosthald og det å vere aktive. Vi skal ha respekt for kvarandre og kvarandre sine kroppar. Kroppen er «vår», og å lære barna å setje grenser for eigen kropp er viktig.

Dette barnehageåret skal vi ha ekstra fokus på Jeg vet i samarbeid med RVTS og BUFDIR. Dette er eit viktig forebyggande arbeid som rustar barna til å ta vare på eigen kropp og bli kjent med eigne grenser

Andre verktøy: - Samtalekort om kropp og grenser: bvo-samtalekort.pdf (pbl.no) og Røde Kors: Kroppen min eier jeg / Barnehage / Jeg vet



Mobbing

- Vi har nulltoleranse for mobbing. Vi jobbar dagleg med å fange opp, forebygge, og stoppe mobbing. For å hindre mobbing er vi opptekne av samarbeid med heimen. Det handlar om å vere bevisst sine haldningar og utsegn, som lett kan overførast til barna – både positivt og negativt. Om mobbing skjer i vår barnehage, er vi forplikta til å følgje opp og sette inn tiltak for å stoppe mobbing. Tilsette har aktivitetsplikt og barn i barnehagen har rett på eit godt psykososialt barnehagemiljø (barnehagelova, kap. 8. Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø | udir.no). Tilsette skal jobbe tett på barna, og slik kan ein førebygge og stoppe mobbing og krenkingar.

Trafikksikker barnehage

- Vi har fokus på å bygge gode vanar, haldningar og å lære barna å ferdast ute i trafikken når vi er på tur.

- Barnehage - Trygg Trafikk

3.BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHALD

3.1 OMSORG

I første møtet med barnet har vi fokus på å bygge gode relasjonar. Kvart enkelt barn er unikt og har ulike behov. Vi har fokus på omsorg i alle relasjonar, og møter barna med hjertet først. Vi jobbar for at barna opplever barnehagen som ein trygg arena der trivsel og tilhøyrsle står høgt. Personalet skal møte kvart enkelt barn som subjekt, som vil seie at vi møter barna med likeverd og respekt. Barna sine meiningar og behov skal bli høyrt, møtt og sett (jmf. Tryggleikssirkelen).

3.2 LEIK

Leiken er ei grunnleggande livs- og læringsform. I Vikemarka barnehage legg vi vekt på at barna skal få utvikle seg i den frie leiken. Vi anerkjenner leiken sin eigenverdi og barna sin medverknad. I leiken får barna prøve ut ulike roller og ta andre sitt perspektiv. Slik får barna kjenne på eigne grenser og utvikle respekt for andre. Leik er ein lystbetont aktivitet, der barna får utvikle vennskap og erfare spenning, glede og humor. Personalet fungerer som støttande stillas i leiken, saman med barna.

3.3 DANNING

I barnehagen vår er vi opptekne av å gi barna rom til å prøve sjølv, slik hjelper vi barna å bli sjølvstendige. Gjennom opplevingar og erfaringar i kvardagen vår, lærer barna felles normer og verdiar som er viktige for fellesskapet og tilhøyrsla. Meiningsfulle opplevingar på tur og i andre aktivitetar, gjer at barna vert nysgjerrige på omverda. Vi legg til rette for barn sin medverknad ved at dei er med på å påverke innhaldet, og får vere med i avgjerdsler. Slik opplever dei at deira stemme er viktig.

3.4 LÆRING

Barnehagen har fokus på læring i alle situasjoner kvar dag. På grunnlag av observasjon planlegg vi læringsaktivitetar som stimulerer og utviklar barna sine ferdigheiter. Dette gir god grobotn for læringsglede og meistring. Meistring gir trygge barn med god sjølvkjensle. I Vikemarka barnehage skal barna oppleve fellesskap og felles læringsarenaer og bidra til eiga og andre si læring. Personalet skal legge tilrette for nye aktivitetar som vekker nysgjerrigheita til barnet og bygger på interessene deira.

4. SAMARBEID

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldre. Foreldresamarbeid skal skje både på individnivå og gruppenivå, gjennom foreldresamtaler og samarbeidsutval. På denne måten får foreldregruppa vere med og påverke innhaldet i barnehagen.

Vikemarka barnehage har ulike former for samarbeid med heimen:

- Oppstartsamtale: Når barnet startar i barnehagen, inviterer vi til oppstartsamtale. Tema på samtalen er til dømes forventingsavklaring og korleis ein opplever tilvenninga. Barnehagen har utarbeida eit skjema til denne samtalen, som sikrar deling av viktig informasjon.

- Den daglege kontakta mellom føresette og barnehagen ser vi på som særs viktig for å gi barna det beste. Ein god relasjon med føresette gir godt samarbeid inn mot barna.

- Foreldresamtaler: To gonger pr barnehageår inviterer vi til foreldresamtalar. Her snakkar vi om trivsel, utvikling og progresjon. Samtalane er basert på observasjon frå barnehagekvardagen. Det er pedagogisk leiar som har ansvar for desse samtalane.

- Foreldremøte: Ein gong i året (september) har vi foreldremøte. Her gir vi informasjon om satsingsområde og arbeidsmåtar mm. Vi inviterer gjerne andre instansar for fagleg innlegg til desse møta.

- Foreldreråd- og samarbeidsutval: Foreldrerådet er alle føresette i barnehagen. Foreldrerådet vel ein representant frå foreldregruppa som vert medlem i Samarbeidsutvalet (SU). Samarbeidsutvalet har møter 2 gongar pr år. I tilknyting foreldremøte har vi foreldrerådsmøte. Foreldra kan påverke innhaldet i barnehagen ved å komme med innspel til saker som SU-representant tek vidare til samarbeidsutvalet.

Barnehagen har tett samarbeid med andre instansar for å kunne gi barna eit godt grunnlag vidare i livet. Laget rundt barnet er **PPT, helsestasjon**, **logoped**, **barnevern, BUP** osb. Vi har faste møter med tverrfagleg team og BTI-team ein gong pr halvår, for å sikre tidleg intervensjon for barn.

5. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Barnehagen er ein lærande organisasjon og det pedagogiske arbeidet er knytt til barnehagelova og rammeplanen. Barnehagen skal gi alle barn eit godt og tilrettelagt tilbod, som skal planleggast, gjennomførast og evaluerast. Barna skal oppleve progresjon i barnehagetida si.

5.1 Planlegging

Vi planlegg systematisk og langsiktig, arbeidet vi gjer tek utgangspunkt i pedagogisk observasjon, kunnskap, kompetanse og erfaring. Ca 2 ganger pr månad har vi leiarmøte. Gruppemøte og personalmøte har vi ca 1 gang pr. mnd. Møta vert nytta til fag, kompetanseheving, erfaringsdeling, refleksjon, planlegging og evaluering.

5.1.1 Årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, som gir informasjon til føresette og dokumenterer barnehagen sine val og grunngjevingar. Årsplanen gir informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndigheit, samarbeidspartar og andre interesserte (RP, 2017, s.38)

5.1.2 Pedagogiske perioder

Vikemarka barnehage deler barnehageåret i sju pedagogiske perioder, desse er felles for heile barnehagen. Innanfor desse periodene er handlingsrommet stort. Periodene varer over fleire veker, noko som gjer at ein kan fordjupe seg i interessene til barna, å la dei få medverke i sin eigen kvardag. Planlegging skal baserast på kunnskap om barnet sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe (RP, 2017, s. 37). Sjå tabell neste side.

VEKE:	PEDAGOGISK PERIODE:	NØKKELORD:	FAGOMRÅDER:
Veke 32-37	**DET GODE SAMVÆR** Bli kjent med kvarandre og barnehagen sine rom inne og ute, reglar og rutinar. Bygge gode relasjonar. Tryggleik, stabilitet, omsorg, tilvenning.	MIO: 1-2 år: Mønster og orden/sortering, rytme og rørsle 3 år: Kjennskap til dagen og faste rutiner 4 år: Ordne gjenstander etter størrelse i rekke 5 år Sortere etter egenskap JEG VET: Følelsar	Gjennom dei sju pedagogiske periodane er vi innom alle dei sju fagormråda i rammeplanen, i større eller mindre grad. •Kommunikasjon, språk og tekst •Kropp, rørsle, mat og helse •Kunst, kultur og kreativitet •Natur, miljø og teknologi •Mengd, rom og form •Etikk, religion og filosofi •Nærmiljø og samfunn Barnehagen sitt verdigrunnlag og formål skal gi retning for, og sikre arbeidet med fagområda. Fagområda er i stor grad like dei faga barna møter seinare i sitt utdanningsløp (RP. 2017, s.47). Rammeplan for barnehagen | udir.no
Veke 38-46	**HAUST** Bygge vennskap, glede og hjelpe kvarandre: Barn-hjelper-barn-aksjon. Kva er ein god ven? Kva er smart å gjere for deg som vil vere ein god ven? «Den største glede ein kan ha, det er å gjere andre glad». Vi har fokus på sosial kompetanse.	MIO: 1-2 år: Kva utekle treng vi? Rydde leiker på rett plass 3 år: Dele med venner, rydde leiker på rett plass 4 år: Dele likt med vener 5 år: Skilnad på det som skal hende/har hendt JEG VET: Å ha det fint saman + kroppen min eier jeg	
Veke 47-52	**JUL, ADVENT** Den glade bodskapen, juletradisjonar ventetid, å glede andre.	MIO: 1-2år: Kan dele ut ein til kvar, bruke talord 3år: Peiketelje, oppfatte tal på gjenstander 4år: oppfatte gjenstander opptil tre, uten å måtte telje. 5år: Peiketelle til fem	

VEKE:	PEDAGOGISK PERIODE:	NØKKELORD:	FAGOMRÅDE
Veke 1-10	**VINTER** Is, snø, ake og teater. Smil, latter og humor. Gode fellesopplevingar	MIO: 1-2år: Legge likt på likt, skilje mellom former 3år: Øve på plasseringsord, beskrivande ord 4år: Følge instruksjon knytt til plasseringsord 5år: Bruke ord om forhold mellom størrelsar JEG VET: Kroppen min eier jeg	
Veke 11-16	**VÅR, PÅSKE; LYS og LIV** Glede, varme, undring og nytt liv. Påskebodskapen.	MIO: 1-2år: Vise interesse for rytme og rørsle 3år: hente på oppfordring tre gjenstnader 4årDekke bord til fem 5år: Kan svare på antal etter å ha telt til fem. JEG VET: Å fortelle/barnevernet	
Veke 17-21	**HEIMSTADEN MIN** Heimstaden min, Ulsteinvik er ein del av Norge: å høyre til, identitet, 17. mai, utvide kjennskap til bygda vår.	MIO: 1-2år: skille mellom en og mange, hente på oppmoding to gjenstander 3år: mestre spel og puslespel, plassering 4år: tegene eit menneske 5år: Kopiere enkle figurar JEG VET: Barnevernet/rett til å vere trygg	
Veke 22-31	**SOMMAR** Kropp, kroppsfunksjonar, sansar og livsglede. Vi er ulike, men likeverdige.	MIO: 1-2år: peike på kroppsdeler og plassere, veit kva som er opp og ned 3år: ordne gjenstander i rekkefølge 4år: Ha kjennskap til at dagen har faste rutiner 5år: Teikne eit menneske JEG VET: Sansane	

VEKE:	PEDAGOGISK PERIODE:	NØKKELORD:	FAGOMRÅDE
Veke 22-31	**SOMMAR** Kropp, kroppsfunksjonar, sansar og livsglede. Vi er ulike, men likeverdige.	MIO: 1-2år: peike på kroppsdeler og plassere, veit kva som er opp og ned 3år: ordne gjenstander i rekkefølge 4år: Ha kjennskap til at dagen har faste rutiner 5år: Teikne eit menneske JEG VET: Sansane	

5.2 Vurdering

Barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet.
Etter kvar periode vert innhald vurdert og evaluert, på lik linje med andre vurderingar og satsingar barnehagen har.
Vi har ulike møter; leiarmøte, gruppemøte og personalmøte til dette arbeidet.

5.3 Dokumentasjon

Ved å dokumentere synleggjer vi personalet sitt pedagogiske arbeid for å stette krav i barnehagelov og rammeplan for barnehagar.
I Vikemarka barnehage dokumenterer vi det pedagogiske arbeid gjennom:

•**Årsplan**

Årsplanen er utarbeida av pedagogane i barnehagen og vert godkjent av Samarbeidsutvalet for to år av gangen.

•**Periodebrev**

Periodebrevet informerer overordna om kva som er planlagt framover av pedagogiske aktivitetar. Dette vert delt i Kidplan før den pedagogiske perioden tek til. Pedagogane justerer og evaluerer perioden i Kidplan. Slik sørger vi for gode samanhengar i det pedagogiske arbeidet.

•Kidplan – ditt kommunikasjonsverktøy

•**Kidplan** er vårt digitale dokumentasjonsverktøy og er ei sikker digital plattform med dobbel autentisering, utarbeida av Private barnehagers landsforbund (PBL). Her deler vi viktig informasjon med føresette som beskjeder, bilder og dokumentasjon av dagen.

•**Minnebøker**

Alle barn i Vikemarka barnehage får minnebok frå tida i barnehagen. I boka skriv vi om barnet si utvikling, gullkorn og personlegdom. Minneboka får barnet med seg vidare som eit godt barndomsminne.

•**Systematisk dokumentasjon**.

Det pedagogiske personalet jobbar med systematisk observasjon. Til dømes som førebuing til foreldresamtalen, eller om vi er uroa for barn si utvikling.

•**Barnemapper**.

I barnemappene samlar vi referat frå samtaler, observasjonar, møter som omhandlar barnet. Jmf. GDPR (personvern). Mappene er digitale, lagra i Kidplan.

•**Årshjul for planlegging**.

Vi har utarbeida eit årshjul med pedagogiske aktivitetar og møter, som er eit godt hjelpemiddel for å sikre god, føreseieleg og langsiktig planlegging.

5.4 Progresjon

Vi er forplikta etter rammeverk å jobbe med progresjon, og dette skal barna oppleve i barnehagen sitt innhald. Vi har fokus på å legge til rette for at leik, aktivitet og læring er variert og tilpassa den enkelte barnegruppe. Vi skal utvide og bygge vidare på barna sine interesser og gi barna varierte erfaringer og opplevingar.
Personalet skal:
•oppdage, følge opp og utvide det barna er opptekne av. Dette gir moglegheit for fordjuping og vidareutvikling.
•planlegge og tilrettelegge for progresjon for alle barn. Det er viktig at barna opplever meistring, samstundes som dei har noko å strekke seg etter.
•legge til rette for fordjuping, gjenkjenning og gjentaking i innhold og arbeidsmåtar. Dette er ein del av progresjonen og gir barna moglegheit å bygge vidare på tidlegare erfaringar
•introdusere nye perspektiv og tilrettelegge for nye opplevingar og erfaringar. Dette beriker barna sitt læringsmiljø.
•sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leikar, verktøy og utstyr og gjere desse tilgjengeleg for barna. (RP, 2017)







6. OVERGANGAR

Der er mange overgangar i eit barn sitt liv. I Vikemarka barnehage har vi fokus på at overgangane er gode og heng mest mogleg saman. Barn treng ofte autoritative vaksne i ein overgang som støttar, forventar og rettleiar.

God start: Etter du har fått plass i vår barnehage, vil du få invitasjon til Godstart-gruppe. Ein fast dag i veka kan du kome til barnehagen, leike og bli kjent med tilsette, barnehagen sine rom og treffe andre som skal starte. Trygg tilknyting er viktig, for å sikre den beste barnehagestarten.
Gode relasjoner skaper trygge og gode barnehagemiljø | udir.no

Tilvenning: I tilvenningsfasen er det viktig å bruke god tid og bygge gode relasjonar. Når barnet tek til i barnehagen startar vi med besøk den første og andre dagen. Korte dagar og kjende vaksne som er der og tryggar barnet er viktig i denne perioden. Sidan kvart barn er unikt, legg vi opp tilvenning ut i frå behova til kvart enkelt barn, i tett samarbeid med føresette.









Overgang til ny gruppe: Når barna skal over på ny gruppe, er det og behov for tilvenning. Vi bruker første tida på å bygge relasjonar mellom barn-barn og mellom barn-vaksen. Det er alltid ein kjend vaksen som fylgjer barna over til ny gruppe, noko som gir kontinuitet i arbeid og relasjon.

Overgang til skule
Fram mot skulestart har vi som mål at barnet skal auke sjølvstendet sitt. Innhaldet det siste året i barnehagen handlar om utvikling sosialt, motorisk og kognitivt. Det er viktig at barnet har ei god sjølvkjensle, og kjenner seg trygg og klar til å gå inn i skulekvardagen. Dei som skal starte på skulen er ei rein førskulegruppe. Vi har mange besøk til skulen/skulane før skulestart, slik sørger vi for at barna er kjent med skulen dei skal starte på.

Vi har fast tradisjon der vi inviterer 1. klassingane som har gått i vår barnehage, på besøk. Førskulegruppa har ansvar for å sende invitasjon, og planlegge besøket.

For barn med særskilde behov, har vi møte med skulen allereie om hausten siste barnehageåret, slik at skulen skal vere godt budd til å ta imot barnet med sine behov. Foreldra er med på slike møte, og gir løyve til overføring av nødvendig informasjon til skulen.

Ulsteinskulen og Ulsteinbarnehagane har i samarbeid utvikla ein plan for å sikre god overgang frå barnehage til skule. Den pliktar alle rektorar og barnehagestyrarar å følge.

Plan for overgang mellom barnehage og skule (adobe.com)



Andre endringar som kan knytast til overgangar:

Flytting: Å flytte til eit anna hus, med nytt rom, nye naboar – nye omgivnadar, kan vere ein stor overgang for barn. Vi er der for å trygge barnet i denne situasjonen. Dersom flyttinga fører med seg andre endringar, er det desto meir å takle for barnet.

Samlivsbrot: Om barn opplever samlivsbrot, treng barnet ekstra tett oppfølging frå dei vaksne nærpersonane. Her er barnehagen ein nøytral og trygg arena. Eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehage er særleg viktig då.

7. KOMPETANSE, KVALITET og FOKUSOMRÅDE

Som pedagogisk samfunnsinstitusjon skal barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen er ein lærande organisasjon som skal møte nye krav og utfordringar, og kvalitetsutvikling i barnehagen inneber kontinuerleg arbeid. Over fleire år har Vikemarka barnehage jobba med ulike utviklings- og endringsarbeid i samarbeid med Ulsteinbarnehagane, PPT, Sjustjerna og Høgskulen i Volda.

I Vikemarka barnehage møter vi barnet som likeverdig menneske. Det vil seie at vi anerkjenner barna sine kjensler, ord og handlingar. Vi møter barnet som subjekt ved å vise respekt og er genuint interessert i barnet og deira sine interesser. Frå 2018 har vi har hatt stort fokus på **implementering av eit autoritativt klima**. I eit autoritativt klima er det høg grad av varme/relasjon og høg grad av kontroll/gode grenser. Forsking seier at i autoritative miljø er det liten grad av åtferdsvanskar og mobbing (Roland, 2021).

Over år har vi hatt fokus på **språk og kommunikasjon**. Dette arbeidet har vi gjort i samarbeid med Sjustjerna og Høgskulen i Volda; Regional kompetanseheving (REKOMP). Språket gir identitet og samhøyrsle, samstundes som barnet lærer å forstå seg sjølv og omverda gjennom språket. Dette er avgjerande for barn si utvikling både intellektuelt, sosialt og emosjonelt. Læring av språk skjer gjennom sosiale samanhengar og i samspel med andre. Verktøy vi kan nytte i arbeidet er «Snakkepakken», «Språkløyper» og ASK. Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon, forkorta til ASK. Kort fortalt kan ein seie at i ASK nyttar vi bilete for ord. ASK er bra for alle, og spesielt bra for enkelte.

- **Språkløyper (uis.no)**
- **Alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK) | statped.no**
- **Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) | udir.no**

Frå 2023 til d.d. har vi hatt fokus **på psykososialt barnehagemiljø og inkluderande barnehagemiljø**. Dette støttar opp om ein inkluderande praksis og førebygger utanforskap. Alle barn skal oppleve tilhøyrsle i eit fellesskap, der ein vert anerkjent for den ein er. Film: Inkluderende fellesskap | udir.no.

I 2025-2026 hadde vi **inkluderande arbeidsmiljø** og **MIO** som fokusområdet. Forsking seier at eit godt arbeidsmiljø heng tett saman med kvaliteten ein leverer til barna. Vi ønsker å utøve beste praksis.

Mio – eit verktøy med fokus på matematikk i kvardagen, som skal fange opp og forebygge matematiske utfordringar. Vi sikrer dette arbeidet ved å ha element av Mio i kvar pedagogisk periode. Sjå lenger oppe i årsplanen.

I forlengelsen av inkluderande praksis og inkluderande barnehagemiljø, skal vi hausten 2026 starte samarbeidet «Jeg vet» med RVTS og Høgskulen i Volda. I dette arbeidet har vi fokus på forebygging av vold og overgrep, barn sine rettar, med barnekonvensjonen som grunnlag. Gi barna eit språk for eigen kropp, grenser og kjensler. Vi skal nytte jeg.vet.no som er ein nettressurs.

De kan lese meir her; Jeg vet



